

## **Dette er Folkelista**

Nytt kommuneval nærmar seg, og valkampen er i gong. Folkelista har som mål å føre ein politikk til det beste for innbyggjarane – i heile kommunen. Gode offentlege tenestetilbod til folk nær der dei bur er viktig for oss.

Folkelista er ikkje eit nasjonalt parti, noko som gjer at vi ikkje treng å ta omsyn til eventuelle «direktiv» frå eit sentralt moderparti. Vi kan bruke vår eigen sunne fornuft og ta avgjerder lokalt som vi meiner er det beste for kommunen vår. Lista som vi stiller til val med, har svært god geografisk spreining og god fordeling av begge kjønn. Vi er samfunnsengasjerte menneske som er opptekne av lokaldemokratiet. Som den einaste lista i kommunen, har vi ikkje kumulert nokon. Dermed står alle kandidatar i utgangspunktet likt, og veljarane bestemmer fullt ut kven som kjem inn i kommunestyret frå lista vår. Vi synest det er i god demokratisk tradisjon.

Vi har arbeidd fram eit kort og tydeleg program, som veljarane lett kan setje seg inn i. Det inneheld femten punkt som vi særskilt skal ha fokus på. Det vil sjølvsagt ikkje seie det same som at vi ikkje skal arbeide med andre saker!

Økonomi er viktig og på mange måtar det som skuggar over alt i lokalpolitikken. Vi er avhengige av eit godt samarbeid med næringslivet for å kunne legge til rette for fleire arbeidsplassar og auka busetting. Vidare skal Folkelista halde fram med det ansvarlege politiske arbeidet vi har drive i mange år: nøktern drift der grovbrødet vert prioritert framfor blautkaka.

Vi i Folkelista vil i samarbeid med innbyggjarane, tilsette i kommunen og andre folkevalde arbeide for ein kommune som legg til rette for næringsaktivitet og som er god å bu i.

Dersom du meiner kommunen treng ein stø politisk kurs, så bør du velje Folkelista. Vi kjem til å ha stand i Hareid sentrum kvar laurdag frametter til valet. Der kan du få program og valliste, og ikkje minst slå av ein prat med listekandidatane. Vel møtt!

**Folkelista for Hareid kommune**  
**Bernt Brandal, 1. kandidat**